

Adresseliste

Invitasjon: Arbeidsgruppe for flytting av kulturrådsfunksjonar til Førde

Viser til sak om moglegheita for å flytte enkelte statsfunksjonar, mellom anna funksjonar knytt til Norsk Kulturråd, ut av Oslo og tilhøyrande vedtak i fylkestinget i høve sak 64/15 oppgåvedeling.

I fyrste omgang ynskjer eg å invitere til eit innleiande møte om temaet og i tillegg få sett ned ei arbeidsgruppe med høg styre- og kulturkompetanse som kan konstituere seg sjølv og spisse målsetjinga og planen for korleis ein skal lukkast med å få flytta dei statlege kulturarbeidsplassane til Sogn og Fjordane.

Foreslår møtetidspunkt til fredag 19. februar kl. 12.00-14.00 i Førde på Sogn og Fjordane Fylkeskommune si kulturavdeling. Fylkeskommunen spanderer kaffi.

Sogn og Fjordane Fylkeskommune ynskjer med bakgrunn i nemnde fylkestingsvedtak å opprette ei eiga arbeidsgruppe som skal ha som målsetjing å få flytta statlege arbeidsplassar knytt til Norsk Kulturråd til Førde. I Førde har ein allereie funksjonar, aktivitetar og ein administrasjon innanfor kulturfeltet. I heile fylket har ein eit særst aktivt og nyskapande kulturliv som fortentar å ha statlege arbeidsplassar innan kultur litt nærmare enn i Oslo. Ser ein dette i samanheng med Lotteri- og stiftelsestilsynet, fylkeskulturadministrasjonen og ein folkemusikkfestival med internasjonalt ry ligg alt til rette for at ein kan bygge ei kulturklynge med griparmar til heile fylket, men med senter i Førde.

Eige notat om kulturrådet og utflytting av oppgåver er under arbeid og vert ettersendt så snart dette er ferdigstilt.

Ber om at svar på invitasjonen vert sendt innan fredag 29.01.2016.

Vel møtt.

Med helsing

Jenny Følling
fylkesordførar*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*

Mottakar (ar)
Arvid Andenæs
Hilde Bjørkum
Trond Ueland
Ingebjørg Erikstad
Olve Grotle

Kopi til:
Jenny Følling
Tore Eriksen